

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 14.09.2021

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Oddmund Skeie og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Jan Tore Huus, Tirill Eiken

Referent: Kaia

Sak 2021/50: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2021/51: Godkjenning av referat frå styremøte 17.08.2021. Godkjent

Sak 2021/52: Eigedomar:

- Ny leigetakar i barnehagedelen på kulturhuset frå 01.10.21. Utleige på kulturhuset omdisponerast i løpet av oktober. Det vert ledig kontorlokale for ny leigetakar i haust.
- Dialog med kommunen ang. gebyr på avlaup på kulturhuset. Det har rent ut om lag 700 kubikk vatn i grunnen under kulturhuset i ein lekkasje sist år. Dialog med kommunen om å få ettergjewe gebyret. Me hentar inn pris på magnetventil for å førebyggje framtidige lekkasjar.

Sak 2021/53: Tilstellingar:

- Planlegga haustdugnad laurdag 18.09. kl 10.00. Styret laga liste over arbeidsoppgåver. Oppmøte ved brua i Sævare for dei som vil rydde i kulturstien, ta med ryddeutstyr. Kulturhuset for dei som vil gjere div. arbeid der og elles i bygda, maling/rydding/bed..
- Folkemøte med kommunen 27.09. kl 17:00 – 18:30 på kulturhuset. Kommunen ynskjer innspel til arealdelen i ny kommuneplan. Bygdelaget lager liste over aktuelle innspel til møtet. Me oppmodar bygdefolk til å møte, og kome med innspel/spørsmål.
- Planlegge oppsummeringsmøte etter turistsesongen 28.09. Me oppmodar alle med interesse for turisme å stille. Invitasjon sendast ut og plakat hengast opp.

Sak 2021/54: Økonomi:

Status frå kasserar. Tilskot til nærmiljøanlegget har begynt å kome på konto.

Sak 2021/55: Nærmiljøanlegget:

Utstyr til nærmiljøanlegget vart levert tysdag 14.09, og er lagra på skuleplassen fram til bygging. Det er viktig at dette får stå i fred! Det manglar et par apparat. Det vert bygging straks me har alt på plass, og me håpar på god deltaking på dugnad. Prosjektgruppa vil be inn til dugnadsmøte ila september.

Anlegget har fått kr. 100.000,- i støtte frå MOWI, tusen takk!

Sak 2021/56: Ullensvang kommune:

- Kommunen har lagt Strategisk Næringsplan ut på høyring med frist 10.10.2021 for uttale. Herand bygdelag skriv innspel ved leiar.
- Kommunen har lagt ut to planar til høyring om friluftsliv og ferdselsårer; idrettslaget har teke initiativ til eit møte for å lage innspel frå bygda. Bygdelaget deltek og ynskjer å signere felles innspel til planane.

Sak 2021/57: Andre saker/eventuelt:

- Gevinstliste basar. Skrivar lager og sender ut oversikt over basargevinstar. Me er svært takksame for gevinstar til basaren 29.12. Tusen takk!

Neste styremøte tysdag 12.10.21 kl. 19.00 på Herand kulturhus